



Arkivsaknr: 2024/6612-2
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Knarvik daglegvarer AS - Rema 1000 Knarvik

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Knarvik daglegvarer AS, org.nr 987552948 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokaler - Rema 1000 Knarvik, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Tone Olsvoll Eide, f. 10.03.70
Avløyser for løyvet: Frode Eikeland, f. 17.05.80
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld
Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Knarvik daglegvarer AS- har i søknad datert 03.06.24 sakt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i lokalene til Rema 1000 Knarvik, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø. Tone Osvoll Eide er styrar for salsløyvet og Frode Eikeland er avløyssar. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 23.00 måndag- laurdag.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Knarvik Daglegvarer AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1- 7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.